

## **Høyringsuttale til søknad om bygging av Fossheimgardane mikrokraftverk i Fossheimelva, Jølster kommune**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved tiltaket m.a. ved at restane av tidlegare Skei elektrisitetsverk vert teke vare på og gjort tilgjengeleg for publikum, som større enn ulempene og rår til at konsesjon vert gitt.

#### Prenta vedlegg:

1. Brev frå NVE 23. mars 2007.
2. Situasjonsskart

#### Uprenta vedlegg:

1. Konsesjonssøknad, februar 2007
2. Uttale frå Jølster kommune, formannskapet 02.05.2007, sak 19/2007

## **Saksframstilling**

### **1. SAMANDRAG**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har oversendt søknad om konsesjon for bygging av Fossheimgardane mikrokraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg i Jølster kommune.

Kraftverket skal nytte vassfallet på ei 350 meter lang strekning, med inntak ved kvote 330 ved den gamle demningen til det nedlagde Skei Elektrisitetsverk. Driftsvatnet skal førast i nedgreven røyrgate på vestsida av elva til ny kraftstasjon på den gamle turbintomta, kvote 215 like ovanfor brua der den kommunale vegen kryssar Fossheimelva. Berekna årleg produksjon er 0,34 GWh.

Søknaden vert handsama etter vassressurslova § 8. Søknaden gjeld også løyve til nødvendige elektriske installasjonar etter energilova.

Tiltakshavar er Fossheimgardane kraftverk der grunneigarane på Fossheim ved Skei i Jølster står bak.

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved tiltaket m.a. ved at restane av tidlegare Skei elektrisitetsverk vert teke vare på og gjort tilgjengeleg for publikum, som større enn ulempene og rår til at konsesjon vert gitt.

### **1. VIKTIGE LOVER/REGLAR/PLANDOKUMENT**

#### Lover/reglar/føresegner

- Lov om vassdrag og grunnvatn av 24. november 2000 nr. 82 – Vannressursloven (løyve til å bygge inntakskonstruksjon, tilløpsrør, kraftstasjon, avløp frå kraftstasjonen)
- Forureiningslova av 13. mars 1981 (gjennomføring av tiltaket)
- Energilova av 29. juni 1990, nr. 50 (løyve til bygging og drift av elektriske anlegg)
- Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50

#### Kommunal arealplan. Fylkesdelplan for arealbruk

I kommunen sin arealplan er området disponert til landbruk, natur og friluftsområde. I fylkesdelplan for arealbruk er området ikkje sett av til spesielle formål.

### **2. DET PLANLAGDE TILTAKET. KOMMUNEN SIN UTTALE.**

Fossheimelva i Breimsvassdraget startar oppe i fjellet nord for Kjøsnesfjorden. Fleire fjell i dette området ragar over 1000 moh. Her ligg fleire store vatn: Trollebottsvatnet, Tverrelvbottsvatnet og Instebottsvatnet. I utbyggingsområdet renn elva bratt gjennom ulendt terreng før den endar i eit fossefall ovanfor dyrka mark.

Tiltaket det vert søkt om, er utforma i tråd med det de nedlagte Skei Elektrisitetsverk. Fossheim kraftverk (konsesjon 1992, bygd 1993) har inntak på kote 525, kraftstasjon i fjell og utløp i Fossheimvatnet.

Bygging av mikrokraftverk med omsøkte storleik er i utgangspunktet ikkje konsesjonspliktig. NVE har avgjort at det må søkjast konsesjon for anlegget. Grunngeving for dette er m.a. at tiltaket har nær tilknytning til eit eksisterande vasskraftanlegg og det nedlagte Skei elektrisitetsverk.

#### Hovuddata for tiltaket (kraftverket)

<b>Data for nedbørfeltet, gitt eksisterande Fossheim kraftverk</b>	
Nedbørfelt (km <sup>2</sup> )	1,7
Middelvassføring (m <sup>3</sup> /s)	0,6
Alminneleg lågvassføring (l/s)	10
<b>Kraftverksdata</b>	
Inntak på kote	330
Avløp på kote	215
Brutto fallhøgde (m)	115
Slukeevne, maks. (m <sup>3</sup> /s)	0,095
Slukeevne, min. (m <sup>3</sup> /s)	0,005
Tilløpsrør, lengde (m)	350
Installert effekt, maks. (kW)	90
<b>Produksjon og økonomi</b>	
Produksjon, årleg middel (GWh)	0,31
Utbyggingskostnad (mill.kr)	?
Utbyggingspris (kr/kWh)	?

Det er planlagt å nytte eksisterande dam som er bygd i stein og betong. Ny rørgate skal nedgravast, 350 meter. Ny kraftstasjon skal byggast på den gamle kraftverkstomta like ved elva om lag 30 meter ovanfor kommunal veg. Vatnet skal førast tilbake til Fossheimelva i den gamle avløpsrenna. Stasjonsbygningen vil få eit grunnflate på om lag 30 m<sup>2</sup> og er tenkt forma som ei sperrestove med gavl mot den kommunale vegen. Kraftverket skal knytast til eksisterande trafostasjon via ein 30 meter lang kabel.

Som ein del av tiltaket er det planlagt å sett i stand og gjere tilgjengeleg for publikum deler av det nedlagde kraftanlegget som vart bygt i 1916.

#### Høyringsuttale frå Jølster kommune, formannskapet 02.05.2007, sak 19/07:

Jølster kommune tilrår at det vert gjeve konsesjon for bygging og drift av Fossheimgardane kraftverk. Det vert synt til saksutgreiinga som ei generell fråsegn frå Jølster kommune

#### **4. KONSEKVEN SAR AV TILTAKET, EVT. AVBØTANDE TILTAK**

Saksopplysningane nedanfor er eit samandag av opplysningane i søknaden.

Miljøfaglig Utredning AS har utført ei vurdering av verknader for biologisk mangfald.

#### Vassføring

Det planlagde mikrokraftverket er basert på utnytting av tilsiget frå restfeltet nedanfor inntaket til Fossheim kraftverk, slik at minstevassføringa frå Fossheim kraftverk (200 liter/sek om sommaren) skal passere urørt. Nye berekningar viser større volum for restvassføringa enn berekningane i samband med planlegginga av Fossheim kraftverk. I praksis vil noverande

vassføring frå det nye inntaket og ned, bli redusert med maksimalt 95 liter/sekund, tilsv. slukeevna til mikrokraftverket.

I konsesjonen til eksisterande Fossheim kraftverk er det krav om slepping av ei minstevassføring på 200 liter/sek om sommaren, men ingen ting om vinteren. Frå inntaket til det nye mikrokraftverket er det planlagt å sleppe ei minstevassføring på 90 liter/sekund om vinteren. Dette tilsv. alminneleg lågvassføring ved inntaket, før Fossheim kraftverk vart bygt ut (basert på berekningar gjort i etterkant).

#### Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Tiltaket vil ikkje medføre nemnande konsekvensar

#### Grunnvatn, flaum og erosjon

Tiltaket vil ikkje medføre nemnande konsekvensar

#### Biologisk mangfald og verneinteresser

Ei samla vurdering tilseier at utbygginga vil ha ein liten negativ konsekvens.

#### Fisk og ferskvassbiologi

Tiltaket vil ikkje medføre nemnande konsekvensar

#### Flora og fauna

Det er ikkje venta negative konsekvensar.

#### Landskap

Området langs elva er i dag i sterk attgroing. Tiltaket vil medføre at området vert rydda. Kraftstasjonen vert utforma i tråd med gammal byggeskikk. Det er ikkje venta negative konsekvensar.

#### Kulturminne

Ein kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som vert berørt av utbygginga. Restane etter det gamle kraftverket på Fossheim, Skei Elektrisitetsverk, kan reknast som eit nyare kulturminne. Tiltaket det vert søkt om, vil medvirke til at restane av dette vert teke vare på og gjort synleg for publikum.

#### Landbruk

Tiltaket vil ikkje medføre nemnande konsekvensar

#### Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Tiltaket vil kunne sikre vassforsyning til eitt gardsbruk som i dag ikkje har sikker vassforsyning.

#### Brukarinteresser, ferdsel og friluftsliv

Tiltaket vil ikkje bety noko for jakt og fiske. Opning av attgrodd landskap og synleggjering av gamle anlegg som no er kulturminne, vil mest truleg virke positivt på friluftslivet i området.

#### Samfunnmessige verknader

Det er ikkje venta negative konsekvensar, men derimot positive konsekvensar m.a. i samband med opprydding og istandsetting av nedlagte tekniske anlegg

### Avbøtande tiltak

Frå inntaket til det nye mikrokraftverket er det planlagt å sleppe ei minstevassføring på 90 liter/sekund om vinteren.

## **5. FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK**

Frå søkjaren si side er det å ta vare på restane av det nedlagte kraftverket og sette dette inn i ein samanheng med det nye kraftverket, eit viktig poeng. Inntektene frå kraftproduksjonen er tenkt som ein basis for å kunne realisere dette. Det er ikkje lagt fram kalkyle for tiltaket, slik at eventuelle økonomiske fordeler av tiltaket er ukjent. Vassføringa i nedre delen av Fossheimelva vil bli noko mindre enn før, men reduksjonen vil etter fylkesrådmannen si vurdering ikkje bli så stor at inntrykket av fossar og styrk nær og på avstand, vil framstå vesentleg annleis enn i dag.

Kulturavdelinga har sendt høyringsuttale direkte til NVE 12.07.2007 der det m.a. er sagt:

Kulturavdelinga ser positivt på at grunneigarane til Fossheimelva vil ta vare på restane etter det gamle Skei Elektrisitetsverk frå 1916. Den gamle turbinen og generatoren er sterkt prega av å ha tilbrakt dei siste åra under open himmel, men er likevel eit kulturminne av høg lokalhistorisk verdi. Røyrgata i stål, er sterkt angrepet av rust og store deler av den er i dag borte.

Sjølve demninga er gjerne den mest imponerende delen av anlegget. Demninga ligg litt til sides for hovudløpet i elva. Den er med stor presisjon mura opp i naturstein med betong dekke på innsida. Dette vitnar om eit krevjande arbeid utført med enkle handreiskap. I dag ligg det store mengder sand og slam i dammen. For at anlegget skal kunne brukast på nytt, må dette reinskast opp og heile anlegget må sikrast.

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området der det no er aktuelt å byggje nytt mikrokraftverk. Vi ber likevel om at tiltakshavar vert gjort merksam på at dei har plikt til å fare med varsemd og til straks å melde frå til Kulturavdelinga dersom dei under arbeid skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8,2 i Lov om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanhengen vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen, steinsettingar eller samling av stein eller våpen og reidskap i metall eller stein.

Fylkesrådmannen vurderer samla sett at dei positive sidene ved tiltaket er større enn dei negative, og at det difor bør gjevast konsesjon.

## **6. KONKLUSJON/TILRÅDING**

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved tiltaket m.a. ved at restane av tidlegare Skei elektrisitetsverk vert teke vare på og gjort tilgjengeleg for publikum, som større enn ulempene og rår til at konsesjon vert gitt.